



RETNINGSLINER FOR TILDELING AV DRIFTSSTØTTE OG STØTTE TIL DRIFT AV IDRETT- OG NÆRMILJØANLEGG I TOKKE KOMMUNE

Ein skil på:

1. **Driftstøtte** er støtte til lag- og organisasjonar som driftar anlegg som ikkje kommunen er eigar av.
2. **Støtte** til lag- eller organisasjonar for drift av anlegg **som Tokke kommune er eigar av**, vil vere eit bidrag for å avhjelpe kommunen med drift og vedlikehald av anlegget som kommunen er ansvarleg for å drifte.

DRIFTSTØTTE TIL LAG- OG ORGANISASJONAR TIL DRIFT AV IDRETT- OG NÆRMILJØANLEGG SOM IKKJE KOMMUNEN ER EIGAR AV.

OKI-utvalet vedtek fordeling av driftstøtte etter søknad frå lag- og organisasjonar for ein fire-års periode. Delinga av driftsstøtte skjer etter fastsette kriterium. Idrettsrådet kjem med uttale før vedtak i OKI-utvalet.

KRITERIUM:

- I. Anlegget skal vera opent for allmenn fri bruk innanfor dei HMS-krava som gjeld for kvart enkelt anlegg.
- II. Direkte driftskostnader for anlegget. Verdi av dugnad og eventuelle løns eller arbeidskostnader skal ikkje takast med. Det kan gjerast frådrag for direkte inntekter frå andre til drift av anlegget.
- III. Bruken av anlegget (mengda på aktivitet) og type arrangement. Ein vektlegg aktivitet for born og ungdom og større arrangement.
- IV. Universell utforming (dersom mogeleg).

Driftsstøtte til drift av idretts- og nærmiljøanlegg blir fastsett frå året etter det har vore kommuneval.

Kommunestyret fastset ramma til fordeling av driftsstøtte for kommande fire-årsperiode.

Lag og organisasjonar som får tildelt driftsstøtte, må årleg legge fram rekneskap og årsmelding som skildrar aktiviteten og økonomi for drift av anlegget, samt plan for drift kommande år.

Ved vesentlege endringar av driftsutgifter og aktivitet i anlegg som får tildelt av driftsstøtte, kan kommunen trekke støtta attende. OKI-utvalet fattar då vedtak etter uttale frå Idrettsrådet.

Driftsstøtta til det aktuelle anlegget blir delt mellom anlegga som allereie får støtte. Fordeling skjer etter same fordelingsnøkkel ein nytta ved tildelinga for den aktuelle perioden.

STØTTE TIL LAG- OG ORGANISASJONAR FOR DRIFT AV IDRETTS- OG NÆRMILJØANLEGG SOM TOKKO ER EIGAR AV.

Støtte til drift av idrett- og nærmiljøanlegg som kommunen står som eigar av, kan få tildelt støtte til denne drifta. Dette er å sjå på som innkjøp av spesifiserte tenester.

OKI etaten vil etter drøftingar med det aktuelle laget eller organisasjonen, utarbeide ei avtale for denne tenesta.

Formannskapet vedtek avtala etter uttale frå OKI-utvalet.